



# Landbrukskontoret

## FOR KVITeseID OG NISSEDAL



Vår dato  
14.12.2005

Vår referanse  
05/138 966/05  
V89

Vår sakshandsamar  
Halvor Fjone, tlf

Dykkar dato  
28.10.2005

Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

### Høyring - Ny forskrift om skogfond mv. - Høyringsfrist: 12.12.05

#### Saka gjeld:

LMD har sendt ny forskrift om skogfond m.v. på høyring i brev av 28. oktober 05. Høyringsinstansane har frist til 12. des. for å svare.

#### Utgreiing:

Framlegg til forskrift er utarbeidd i samband med ny skogbrukslov er det behov for å lage utfyllande reglar om skogfond.

Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal har ingen merknader til framlegget bortsett frå eit punkt som ikkje er nemnd i høyringsbrevet. Etter gjeldande reglar har ein del større skogeigar ikkje pålegg om å innbetale skogavgift til lokal skogavgiftsrekneskap. I staden får dei godkjent investeringar etter eigne oppgåver. Dette har bakgrunn i tidlegare tilhøve der mange av desse skogeigarane også var virkeskjøparar.

Med dagens tilhøve ber ein departementet vurdere om dette bør takst opp på nytt i samband med utarbeiding av ny forskrift.

Med bakgrunn i ovanstående har ein gjort slikt administrativt enskildvedtak:

#### Vedtak:

Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal har ingen merknader til høyringsbrevet av 28.10.2005 bortsett frå at ein meiner at fritaket for å innbetale skogavgift til lokal skogavgiftsrekneskap bør vurderast på nytt i samband med ny forskrift for skogfond.

Med helsing

Halvor Fjone  
Skogbrukssjef